

Vaksdal kommune
Konsul Jebsens gate 16
5722 DALEKVAM

Dato: 11.10.2017
Vår ref.: 2016/2625-6
Saksbehandlar: benutne
Dykkar ref.:

Fv 314 i Vaksdal kommune – Bergsura – svar på spørsmål

Viser til dykkar brev datert 14.09.17.

Statens vegvesen Region vest har følgjande delsvar til dette i epost til oss den 22.09.17:

Når det gjeld Bergsura er det ingen planar å sikra den. Den er vurdert av geolog. Kontraktens driftsentreprenør Presis vegdrift AS, har fått i oppdrag å følgje spesielt opp ura når været er slik at det er fare for steinnedfall. Dersom entreprenøren melder at faren er stor vil vegen bli nattestengt evt. døgnstengt.

Hordaland fylkeskommune kan også visa til Statens vegvesen sin rapport «Skredsikringsbehov for riks- og fylkesvegar i Region vest, desember 2015». Denne ligg på vegvesen.no/vegprosjekt/rassikring.

Listene viser fleire raspunkt på Fv 314 i Voss og Vaksdal kommunar, men desse er i skredfaktorgruppe «middels» og «låg». Bergsura har prioriteringsfaktor 3,2 i middels gruppe. Hordaland fylkeskommune har dermed mange andre rassikringspunkt og -strekningar med høgare skredfaktor, som må sikrast først. Fylkestinget kan omprioritera innan rassikring ut frå tilgjengelege midlar, og skulle det skje større hendingar, må ein sjølvsagt revurdra prioriteringane.

Vi håpar dette er svar på dykkar spørsmål.

John Martin Jacobsen
seksjonsleiar

Bente Utne
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Statens vegvesen Region vest